

## Klovningen hamn detaljregulering - merknadar etter offentleg ettersyn

Det har kome inn 15 merknadar.

### Offentlege instansar:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statens vegvesen  
NVE  
Kystverket  
Mattilsynet  
Fiskeridirektoratet

### Private:

Inge Kløvning og Jorunn Halvorsen  
Hakallevær AS v/ Runar Halsen  
Gjermund Lervåg Seim  
Klovningsneset småbåtlag og Klovningsvika småbåtlag  
Haugsholmen AS og Bjørn Magne Myskja  
Björg Hunvik, Sigbjørn Emblem og Jens Birger Lervåg  
Vidar Kløvning og Jan Ronny Sandvik  
Terje Kragset

## MERKNADAR FRÅ OFFENTLEGE INSTANSAR

Avsendar og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<i>Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, 28.11.2022</i>	I KU-en er utfyllinga vurdert å ha lav/ingen effekt på registrerte gytefelt for kysttorsk i nærområda, men samstundes er det variasjonar og usikre moment i datagrunnlaget. Peikar også på at det er taeskog i området, som er viktige oppvekstområde for fisk. Rår sterk til at det blir stilt krav om partikkelsperre ved utfylling, for å unngå uheldig spreiding av sediment og finstoff frå sprengstein. Det bør vurderast å sette krav til utfyllingsperiode utanfor gyteperioden. Peikar på at fiskeridirektoratet bør høyrast i saka. Det bør vurderast å ta inn føresegner som sikrar omsynet til hekketid, særleg for storspove.	Det er lagt inn krav til partikkelsperre ved utfylling.  Det er lagt inn krav til at anleggsaktivitet skal ta omsyn til hekketid.  Planen er sendt til fiskeridirektoratet.	Ingen kommentar utover konsulent si forklaring.

Avsendar og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<i>Møre og Romsdal fylkeskommune, 28.11.2022</i>	Motsegn til plassering av renovasjonsanlegget pga plassering på fylkeskommunens eigedom, omsyn til drift og vedlikehald, samt arealbehov langs fylkesvegen. Renovasjon må løysast utanfor fylkeskommunen sin eigedom, og det må bli etablert tilstrekkeleg manøvreringsareal på eigen grunn.	Areal for renovasjonsanlegg er tatt ut av planen. Eksisterande renovasjonsområde er vurdert å vere tilstrekkeleg for arealbruken det no blir lagt opp til.	Ingen kommentar utover konsulent si forklaring og synspunkt.
	Motsegn til planen fram til køyretilkomsten frå fylkesveg 5852 til kommunal veg er regulert som kryss – ikkje avkøyrse - i tråd med N100. I tillegg rekkefølgekrav til opparbeiding av krysset for alle nye formål i planen.	Køyretilkomst frå fv5852 er regulert som kryss etter N100, dimensjonert for lastebil med køyremåte C. Køyremåte C kan nyttast pga svært lite trafikk på fylkesvegen. Rekkefølgekrav for kryssutbetring for nye etableringar er lagt inn i planen.	Sjå ny vurdering i notat frå Norconsult «Tilrådde justeringar av oversendt planforslag – detaljregulering Klovningen hamn».
	Frisiktsoner som berre går over samferdselsareal kan visast som frisiktlinje. Frisiktsoner som går over annan person sin eigedom eller anna byggeformål enn vegformål, må visast som omsynssone med tilhøyrande føresegner. Motsegn til planen fram planen er endra.	Planen er oppdatert med omsynssone der frisiktlinje går over areal som ikkje er regulert til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur etter PBL §12-5 nr. 2.	Ingen kommentar.
	Før planen kan realiserast, må fylkeskommunen kontaktast for å avklare roller og ansvar knytt til bygging langs fylkesvegen, og om det er behov for gjennomføringsavtale.	Tatt til orientering.	Tatt til orientering.
	Etterlyser informasjon om Sefrak-registert naust i området, og om tiltaket kan ha konsekvensar for kulturminne frå nyare tid.	Naustet frå 1800-talet ved dagens næringsbygg på 141/9 blei registrert 1979, og var allereie då i svært dårleg stand. Naustet har i ettertid blitt fjerna.	Ingen kommentar.


Avsendar og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<i>Statens vegvesen, 26.10.2022</i>	Tilknytning av Klovningen (o_V1) til fv. 5852 må planleggast som eit kryss, og ikkje som ei avkøyrsløp.	Merknaden er tatt til følge.	Merknaden er følgt opp.
	Areal til renovasjon ligg mellom fv. 5852 og Klovningen, der vegane går parallelt. Det synes vanskeleg å finne ei god løysing for tilkomst for renovasjonskøyrsløp.	Areal for renovasjonsanlegg er tatt ut av planen. Eksisterande renovasjonsområde er vurdert å vere tilstrekkeleg for arealbruken det blir lagt opp til.	Støttar Norconsult si vurdering.
<i>NVE, 22.11.2022</i>	Oppmodar om å melde alle grunnundersøkingar i NADAG, og at all utfylling i sjø vert detaljprosjektert og følgt opp for å unngå utilsikta utglidingar eller kvikkleireskred, jfr TEK 17 og PBL § 28-1.	Tatt til orientering. Det er krav i føresegnene om at tiltak for å førebygge erosjon, utgliding og setningar skal vurderast av geoteknisk fagkunnig før utbygging, samt krav til dokumentasjon av kompetanse.	Teke til vitande.
	For skred i bratt terreng manglar det eigenerklæringsskjema. Eventuelle skredprosessar rundt renner i terrenget må vurderast nærare før eventuelt planvedtak. Det kan vere spor av skredvifter i skuggekarta, dette er heller ikkje omtalt i skredrapporten frå Norconsult.	Skredfarevurderinga er oppdatert. Renner i terrenget vurdert som potensielle utløpsområde for snøskred ligg i underkant av løsnedområde. Alle skredtypar er vurdert for heile området. Modellert utløp for snøskred som følgjer rennene viser ei svært lita og utydeleg vifteform sør i påverknadsområdet. Dette støttar vurderinga av at større skredhendingar i området er sjeldne. Modellering av sjeldne snøskred går forbi denne moglege vifteforma i terrenget.	Støttar konsulent si vurdering.

Avsender og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<p><i>NVE,</i> <i>22.11.2022</i></p>	<p>Løsneområde for snøskred synast små og høve for større løsneområde er ikkje drøfta anna enn at skålformer har størst potensiale for snøfang. NVE gir råd om at det vert gjennomført ei nærare vurdering av aktuelle løsneområder for snøskred.</p>	<p>Ein viktig grunn til avgrensning av løsneområde er topografien, med tydelege fjellryggar mellom løsneområda. Det er vurdert som svært lite sannsynleg at ein brotkant kan krysse over desse bratte ryggane.</p> <p>Dette er spesifisert i rapporten, samt ein figur som viser naturleg avgrensning av løsneområda. Det er også gjort utløpsberekning med empirisk modell, som ser bort frå storleiken av løsneområdet.</p>	
	<p>Området er også utsett for stormflo, viser til uttale frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.</p>	<p>Planen tar høgde for stormflo, sjå vedlegg om bølgepåverknad.</p>	<p>Ingen kommentar utover konsulent si bekrefting.</p>
<p><i>Kystverket,</i> <i>23.11.2022</i></p>	<p>Ingen vesentlege merknadar til planforslaget. Gjer merksam på at moloar og utfylling i sjø kan krevje løyve etter hamne- og farvasslova § 14. Tiltaka ligg i sjøareal innanfor til kommunen sitt myndesområde.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>	<p>Teke til vitande.</p>
<p><i>Mattilsynet,</i> <i>27.10.2022</i></p>	<p>Føreset at relevante rekkefølgeføresegner for drikkevatn/ VA blir følgt, og at ein i dialog med vassverkseigar (Sande kommune) vurderer nødvendige tiltak som skal sikre stabil produksjon av drikkevatn. Tiltakshavar må ved behov gjennomføre ei kartlegging og iverksette eventuelle tiltak, for å hindre at lokale vasskjelder blir forringa som følgje av utbygginga.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>	<p>Teke til vitande.</p>

Avsendar og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<i>Fiskeridirektoratet, 18.01-2023</i>	<p>Fiskeridirektoratet kan ikke sjå at planlagt bruk av sjøareal vil medføre negative konsekvensar for fiskeri- og akvakulturinteressene.</p> <p>Det er viktig å ivareta gyteområdet for torsk og tidlege livsstadier på ein god nok måte for eventuelle påverkingar av utfylling, mudring og peling/spunting i sjø. Dei foreslår derfor at den generelle tilrådinga til Havforskningsinstituttet blir lagt til grunn, og at fastsette vilkår i eit eventuelt løyve til tiltak etter forurensingsloven ivaretar dette. Dette inneber bruk av siltgardin for å hindre spreining av partiklar i vatnet, som kan avgrense skade på yngel som gjennom sommaren og utover hausten lever i oppvekstområde i nærleiken av gytefeltet i Haugsfjorden. Eventuelt andre tiltak for å avgrense partikkelspreiinga mest mogleg.</p>	<p>Krav til bruk av siltgardin ved utfylling i sjø i perioden 15. mai – 15. september er tatt inn i føresegnene.</p>	<p>Ingen kommentar utover konsulent sitt tillegg.</p>

## MERKNADAR FRÅ PRIVATE


Avsendar og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<p><i>Inge Kløvning og Jorunn Halvorsen, 23.11.2022 (eigarar av gbnr 141/1)</i></p>	<p>Viktig med ny molo frå nord for å sikre nøre delen av hamna mot verste uversretninga; nordvest. Ber likevel om bølgebrytande pir sørover frå voren midt i hamneområdet. Meiner småbåtopplag, som ikkje låser for fiskeri og framtidig næring, kan vere ei god løysing. Negative til å låse landareal sør i hamna til fritidsformål. Ei skjerma hamn er avgjerande for sjøbasert næring, ikkje fritidsbustadar. Arealet til sandvolleyballbane bør nyttast til næring og anna i samband med småbåtopptrekket. Viktig å prioritere etablering av småbåthamn, vil lette presset på Klovningen hamn.</p>	<p>Innvendig molo for å skjerme småbåthamna er innarbeidd i planen. Fritidsbustadar og friområde der illustrasjonsplanen viste sandvolleyballbane er tatt ut av planen.</p>	<p>Ingen merknad til endringane.</p>
<p><u><i>Hakallevær AS v/ Runar Halsen</i></u></p>	<p>Ønsker inntil 20 småbåtplassar i den nye hamna. Utbygginga i indre hamn må ikkje vere avhengig av at molo 2 og 3 blir bygd. Båtplassar er svært viktig infrastruktur for Hakallestranda, og rekkefølgekrav må ikkje hindre at småbåtplassane blir bygd og tatt i bruk. Foreslår ein bølgebrytar/pir/molo ut frå land nord for småbåtplassane. Det bør settast av område for vasking og smøring av båtar. For indre hamn vil det vere best at næringsbygget blir flytta til nordre del av området, for eksempel ved eit makeskifte.</p>	<p>Innvendig molo er innarbeidd i planen. Rekkefølgekrav knytt til tryggleik mot bølger og flaum er styrt av byggteknisk forskrift TEK 17. Det er opna for båtvedlikehald på delar av parkeringsplassen. Det kan ikkje stillast krav om makeskifte i ein reguleringsplan.</p>	<p>Ingen kommentar utover konsulent sine.</p>
<p><i>Gjermund Lervåg Seim, 25.10.2022</i></p>	<p>Meiner foreslått næringsbygg i indre hamn bør flyttast ut av hamna, for å skilje fritid/rekreasjon/turisme frå næring. Viser til at formålet med planen er å skape ei attraktiv hamn for fritid og turisme, samt legge til rette for meir næringsverksemd nord i hamna. Bryggeliv, fisking, bading og bruk av småbåt harmonerer dårleg med næringsdrift, maskiner, transport, lydmessig og visuell støy i umiddelbar nærleik.</p>	<p>I revidert plan er fritidsformål tatt ut av planen, og området er planlagt som ei rein småbåthamn utan den tidlegare vektlegginga av rekreasjonsareal i hamna.</p>	<p>Ingen merknad til endringane.</p>


Avsender og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<p><i>Klovningneset småbåtlag og Klovningsvika småbåtlag, 25.11.2022</i></p>	 <p>Har fått utarbeidd alternativ forslag til regulering av hamna.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>	<p>Teke til vitande.</p>
	<p>Om ein ikkje får masse frå Stadt skipstunnel og forlenging av søre molo og ny molo nord ikkje blir bygd, vil det hindre utviding av talet på båtplassar i hamna. Det bør uansett regulerast ein molo som skal skjerme indre hamn.</p>	<p>Innvendig molo er innarbeidd i planen.</p>	<p>Ingen kommentar utover konsulent sine.</p>
	<p>Sjøområdet for båtplassar bør utvidast og mudrast lenger inn. Kaifront på næringsdel i indre hamn må forlengast nordover inn på kommunal eigedom 141/31, og regulerast som kai for sjarkfiske og turistfiske med plass for reiskapshus. Utnyttingsgraden bør aukast frå 20 til 50 %. Heile området bør flytast austover.</p>	<p>Planen opnar for mudring av strandsona og fleire småbåtplassar. Næringsdel i indre hamn er utvida (BAA), og det er opna for kaifront på dette arealet.</p>	<p>Ingen kommentar utover konsulent sine.</p>

Avsender og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<p><i>Klovningneset småbåtlag og Klovningsvika småbåtlag, 25.11.2022</i></p>	<p>Klovningneset småbåtlag har bygsla tomt 141/35 og utvikla denne med parkering og småbåtplassar. Parkeringa blir nytta av alle, også til båtpuss og vedlikehald. Halve parkeringsområdet bør kunne nyttast til vinteropplag av båtar i perioden- 1 oktober til 1. april. Sandvolleybana bør flyttast. Ønskjer at bakre del av denne tomta blir regulert til sjø/reiskapsbuer med djupne ca. 6 meter som kan delast inn i breidde etter behov. Total lengde ca. 25 meter for lagring av utstyr for brukarane av hamna. Gesims/mønehøgde høg nok til port- eller dørøpning i front.</p>	<p>Det er opna for etablering av boder innanfor område BAA. Inntil halvparten av regulert parkeringsplass o_PP kan nyttast til vinterlagring og vedlikehald av båtar. Friområde der illustrasjonsplanen viste sandvolleyballbane er tatt ut av planen.</p>	<p>Ingen merknad til endringane.</p>
	<p>Vegen bak buer/sjøhus/naust og båtplassar bør gå rettast mogleg nordover som i dag. Vegetasjonsbeltet bør takast bort eller reduserast mest mogleg.</p>	<p>Planen er omarbeidd i tråd med merknaden.</p>	<p>Ingen merknad til endringane.</p>
<p><i>Haugsholmen AS og Bjørn Magne Myskja, 23.11.22 (gbnr 141/17 og 141/18)</i></p>	<p>Dersom store delar av deira tomter skal endrast til fellesareal eller vegareal, ønsker dei eit byte med tilsvarande tomteareal mot nordaust.</p>	<p>Planen er endra slik at 141/17 og 141/18 inngår i byggearealet BAA.</p>	<p>Sjå ny vurdering i notat frå Norconsult «Tilrådde justeringar av oversendt planforslag- detaljregulering Klovningen hamn».</p>
	<p>Ønskjer minst tilsvarande byggehøgder på minst 4,5 m gesimshøgde og 6,5 m mønehøgde. Har behov for å kunne parkere bil ved det planlagde servicebygget.</p>	<p>Byggehøgder er endra i samsvar med ønsket. Parkeringsplass o_PP er utvida og ligg ved BAA1.</p>	
	<p>Det er også lagt opp til for lav mønehøgde for næringsbygga i nordre del av hamna. Den bør vere 8 – 10 m. Utnyttingsgrad på næringstomt bør vere 50%.</p>	<p>Maks mønehøgde innanfor næringsarealet i nord er auka til 9 m. Utnyttingsgraden er sett til 20%, noko som tilsvarar ei grunnflate på over 2000 m<sup>2</sup> i dette området.</p>	




Avsendar og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<p><i>Haugsholmen AS og Bjørn Magne Myskja, 23.11.22 (gbnr 141/17 og 141/18)</i></p>	<p>Det er kun Klovningen havn som har utbyggingspotensiale som småbåthamn i lokalområdet. Dersom det blir mudra opp mot den gamle vegen, vil det kunne frigjere plass til yttarlegare 30-40 båt plassar. Areal til fritidsbustadar verkar lite gjennomtenkt.</p>	<p>Planen opnar for mudring av strandsona og fleire småbåtplassar. Fritidsbebyggelse er tatt ut av planen.</p>	<p>Støttar endringane.</p>
	<p>Planen må opne for utvikling av området, sjølv om ikkje dei nye moloane blir bygd. Ein mindre molo ved vegetasjonsbuffer vil gi god skjerming for småbåthamna.</p>	<p>Ein indre molo er regulert. Tryggleikskrav i TEK 17 set rammer for utvikling av området.</p>	
	<p>Fiskeriinteressene er ikkje ivaretatt i planforslaget. Næringsareala i nord er privat, og ueigna som sjarkkai fram til dei nye moloane er bygd. Småbåtlaget har foreslått å lage ei fiskerikai i forlenginga av vår kai mot nord. Der er det mogleg å lage ei flytekai for sjarkar med tilhøyrande servicebygg på land, som då blir liggande på kommunen sitt areal. Vi støttar dette forslaget.</p>	<p>Område BAA er utvida i forhold til det tilsvarande området for lagerbygg (LA) i opphaveleg planforslag, har meir fleksibel arealbruk og har moglegheit for etablering av kaifront.</p>	<p>Sjå ny vurdering i notat frå Norconsult «Tilrådde justeringar av oversendt planforslag- detaljregulering Klovningen hamn».</p>
<p><i>Björg Hunvik (141/40), Sigbjørn Emblem (141/41) og Jens Birger Lervåg (141/39), 07.11.2022</i></p>	<p>Er usamde i plassering av lagerbygget inne i småbåthamna, og meiner det er urealistisk at all aktivitet skal foregå innandørs. Tilkomstvegen er ikkje dimensjonert for forventa trafikk til og frå eit slikt lager. Næringstrafikk vil vere til fare og sjenanse for øvrig aktivitet i hamna. Meiner at lagerbygget vil vere i strid med målsettinga for planen. For å få ein plan som er god både for fritid og næring må ein i planlegginga prøve å forebygge konflikhtar mellom dei forskjellige interessene. Lagerbygget må flyttast til næringsområdet i nord, eller heilt nord i den planlagde småbåthamna, som vist på vedlagde skisse. Kommunen bør allereie i planfasen prøve å finne løysingar på arealbehov til næringsverksemda.</p>	<p>Det er erkjent at arealbruk i opphaveleg planforslag kunne legge opp til konflikt mellom fritidsinteresser (særleg fritidsbustadar) og næringsaktivitet, båtvedlikehald og liknande. I revidert plan er fritidsformål tatt ut av planen, og området er planlagt som ei rein småbåthamn utan den tidlegare vektlegginga av rekreasjonsareal. Planlagt dimensjonering av veg er tilfredsstillande.</p>	<p>Samd i konsulent sine endringar.</p>

Avsender og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<p><i>Bjørg Hunvik (141/40), Sigbjørn Emblem (141/41) og Jens Birger Lervåg (141/39), 07.11.2022</i></p>	<p>Ei skjerming av vind og bølger i dette området vil vere fordelaktig for hamna. Då kan det kanskje vere aktuelt med ei ekstra utfylling eller vindskjerming, som vist i vedlagte skisse. Ved å bruke vegforbindelse frå eksisterande industriområde fram til lagerbygg, vil farestrekket frå trafikk til og frå lagerbygg også vere løyst. Som tidlegare påpeika må ein kunne forvente at kommunen allereie i planfasen hjelper til med å finne løysinga på arealbehovet som er nødvendig for denne forflyttinga.</p> 	<p>Ein indre molo er lagt inn i planen.</p> <p>Ettersom fritidsbebyggelsen er tatt ut av planen, vurderer vi at behovet for etablering av eit klart skilje mellom næringsområdet i nord og hamneområdet i sør ikkje lenger er til stades. Vegen er derfor planlagt som samanhengande mellom områda.</p>	<p>Samd i konsulent si vurdering.</p>

Avsender og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<p>Vidar Kløvning og Jan Ronny Sandvik, 24.11.2022</p>	<p>Ønsker at landarealet på nordsida av Molo 3, som no er markert som LNFR område, blir regulert som bustad. Dette gjeld Gnr. 141 Bnr. 5 som vart utskilt i 1947 som bustadtomt og ført tilbake i 1956. Intensjonen med denne tomte har alltid vore bustadføremål.</p>	<p>Det aktuelle arealet inngår ikkje i nødvendig areal for utbygging av molo, og er tatt ut av reguleringsplanen. Dette inneber at det ikkje blir endring av planstatus for dette arealet, og kommuneplanens arealdel vil gjelde.</p>	<p>Ingen merknad til endringa.</p>
	<p>Molo 3 bør likne eksisterande molo på sørsida, berre spegelvevend, og at endane på moloane må møtast mot kvarandre slik at ein får størst mogleg skjerma areal inne på hamna. Slik det er innteikna no vil ein frå sør/ sørvest få all sjø langsmed eksisterande molo og inn på innsida av nordleg molo. Veret er vel kanskje opp mot 60-70% frå sørvest her.</p> 	<p>Moloane i er endra i det reviderte planforslaget. Det er samtidig opna for at moloane kan justerast innover i hamnebassenget, så lenge tryggleikskrava er ivaretatt.</p>	<p>Samd i endringane til konsulent.</p>

Avsender og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<p>Vidar Kløvning og Jan Ronny Sandvik, 24.11.2022</p>	<p>Det gir ikkje meining at eit næringsbygg får langt mindre mønehøgde (5,5 m) enn fritidsbusetnaden (6,5 m). Skal ein kunne få inn ein lastebil, eller ein truck kan løfte ein palle opp på ein annan i høgda, bør ein kunna ha ein port på i alle fall 4,5 meter. Ein hall på til dømes 15x30 meter har då ei mønehøgde på ca 8-9 meter, alt etter takvinkel.</p>	<p>Byggehøgder på næringsområdet I/L er auka til maks 5 m gesimshøgde og maks 9 m mønehøgde.</p>	<p>Sjå ny vurdering i notat frå Norconsult «Tilrådde justeringar av oversendt planforslag- detaljregulering Klovningen hamn».</p>
	<p>Meiner at fritidsbustader ikkje høyrer heime i ei skjerma hamn, og at areal inne i hamnområdet bør nyttast til naust eller næringsbygg til sjørelatert næring og aktivitetar i samband med båttopprekk eller parkering. Sandvolleyballbanen kan heller lagast til på Sandviksanden vel 3 km lenger sør i bygda.</p>	<p>I revidert plan er fritidsformål tatt ut av planen, og området er planlagt som rein småbåthamn. Friområde der illustrasjonsplanen viste sandvolleyballbane er tatt ut av planen.</p>	<p>Ingen merknad til endringane.</p>
	<p>Molo3 bør vere grov-planert på toppen for å kunne køyre gravemaskin og traktor ut for vedlikehald. Moloen vere køyrbar i byggeperioden, uheldig å fylle på masse som må gravast vekk før ein kan få tilkomst for vedlikehald etc. Dette må kunne løysast med avsperring på landside, om ein ikkje lagar moloen i tilstrekkeleg standard for ferdsel.</p>	<p>Rundbygd molo tåler betre stor påkjenning enn andre molo-konstruksjonar. Slik molo kan etablerast med køyrbar skulder.</p>	<p>Ingen kommentar utover konsulent si vurdering.</p>
	<p>Det bør ikkje ligge rekkefølgjekrav som kan stoppe utvikling av hamna. Det bør kunne byggast ut som foreslått i versjon 01 av Bølgeanalyse og havneplan (forlenging av eksisterande og/ eller ein mindre molo inne i hamna).</p>	<p>Ein indre molo er lagt inn i planen. Tryggleik for området må følgje krava i TEK 17.</p>	<p>Ingen kommentar utover konsulent si vurdering.</p>
	<p>Verkar som mange småbåtplassar i ei såpass lita hamn, i tillegg til å oppretthalde kaianlegg og plass til anna enn småbåtar. Vil det ikkje vere lurt å oppretthalde løyvet om bygging av småbåthamn i ein eigen reguleringsplan sør for hamna?</p>	<p>Tilgrensande reguleringsplan blir ikkje endra eller fjerna som følgje av denne planen.</p>	<p>Ingen kommentar utover konsulent si forklaring.</p>

Avsender og dato	Oppsummering av merknad	Norconsult sin kommentar	Kommentar frå forslagsstillar
<p>Terje Kragset, 06.02.23</p>	<p>  </p> <p>Ønsker at eksisterende molo blir forlenga vesentleg lenger, og at den nordre moloen blir utforma utan sving.</p>	<p>Moloane i er endra i det reviderte planforslaget. Det er samtidig opna for at moloane kan justerast innover i hamnebasenget, så lenge tryggleikskrava er ivaretatt.</p>	<p>Ingen kommentar utover konsulent sine endringar.</p>